

# Ny som barnehagelærer i Vest-Telemark?



## Vegleingsprogram

Vegleingsteamet i Vest-Telemark, VTV 2017



# Årshjul

Når	Kva	Kven
<b>Juni</b>	Påmelding av nyutdanna pr. e-post til kontaktperson for vegleiingsteamet	Styrrarane
<b>September</b>	Styrarsamling med Høgskolen i Sørøst-Norge	Vegleiarar, styrrarar og HSN
	Oppstartsamling med HSN, og gruppevegleiing. Underskriving av vegleiingskontrakter Vegsøkar og vegleiar lagar avtaler	Vegleiarar, vegsøkarar og HSN
<b>Oktober</b>	Individuell vegleiing	Vegleiar og vegsøkar
<b>November</b>	Individuell vegleiing	Vegleiar og vegsøkar
	Nettverksamling på HSN	Vegleiarar
<b>Januar</b>	Vegleiararsamling med HSN	Vegleiarar og HSN
<b>Februar</b>	Individuell vegleiing	Vegleiar og vegsøkar
	Vegleiarakonferanse annakvart år, oddetal	Vegleiarar
<b>Mars</b>	Individuell vegleiing	Vegleiar og vegsøkar
	Nettverksamling på HSN	Vegleiarar
<b>April</b>	Individuell vegleiing	Vegleiar og vegsøkar
<b>Mai</b>	Evalueringsamling med HSN, og gruppevegleiing. Barnehageforum er representert.	Vegleiarar, vegsøkarar, HSN og Barnehageforum

## Vegleiingsteamet i Vest-Telemark

Namn	Telefon	E-post	Diverse
Liv Johre Bakke	977 60 221	liv.johre@fyresdal.kommune.no	Kontaktperson
Britt Rønningen	970 95 072	britt.ronningen@vinje.kommune.no	
Elisabeth Nesheim	928 66 473	elisabeth.nesheim@vinje.kommune.no	
Solveig V. Holskar	900 28 524	solveig.holskar@nissedal.kommune.no	
Nina Bakkåker	950 68 142	nina.merete.bakkaaker@seljord.kommune	
Heidi Østland Vala	971 59 218	heidi.o.vala@usn.no	Fagleg kontaktperson, HSN
Eva Wikstøl	992 92 558	eva.a.wikstol@usn.no	Fagleg kontaktperson, HSN

# Avtale om fagleg vegleiing

Følgjande forhold inngår i avtala og forpliktar partane gjensidig:

## 1. Ansvar

**Den som vert vegleia har ansvar for:**

- Å bruke vegleiingstida med formål om fagleg og personleg utvikling.
- Å bidra til ei god atmosfære og eit godt læringsmiljø (syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar).
- Å møte førebudd til vegleiinga.

**Vegleiar har ansvar for:**

- Å legge til rette for vegleiing.
- Å stimulere til læringsprosessar hos deltakaren og bidra til ei trygg atmosfære (syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar).
- Å møte førebudd til vegleiing
- Vegleiarar kallar inn til vegleiing

## 2. Omfang

Kvar deltakar får ei gruppevegleiing og to individuelle vegleiingar i hausthalvåret, og tre individuelle vegleiingar og ei gruppevegleiing i vårhalvåret. Kvar økt varar 1.5 t.

## 3. Innhald

Utgangspunktet for vegleiinga vil vere den einskilde si oppleving av eigen situasjon og oppgåver som skal løysast. Vegleiinga skal stimulere til refleksjon og sjølvutvikling hos veksøkar. Vegleiing er eit reiskap i arbeidet med å utvikle barnehagen som organisasjon

## 4. Arbeidsform

**Kvar vegleiingssøkt skal innehalde:**

- Vegleiing, individuelt/gruppe
- Oppsummering og tiltak til neste gong
- Ny avtale

Vegleiar kan bruke ulike metodar utan å informere den som vert vegleia om dette. Men vegleiar skal respektere og ivareta den som vert vegleia sitt behov.

## 5. Taushetsplikt

Alt som foregår i vegleiinga baserast på gjensidig taushet mellom deltakarane. Dette inneber trygghet for at det som er knytt til innhald og prosess ikkje bringas utanfor denne situasjonen. Informasjon/kunnskap om vegleiinga generelt kan fritt formidlas.

## 6. Attendemelding

Det vert ikkje ført systematisk referat frå vegleiingsstimane.

Vegleiar gjer personlege notater for å kunne ivareta prosessen.

Ein oppmodar den som vert vegleia til å føre loggbok som eit hjelpemiddel i eigen læreprosess. Det skal vere to-vegs munnleg tilbakemelding/oppsummering frå gong til gong.

## 7. Fråver

Deltakaren definerer sjølv kva som er viktig og legitim fråversgrunn.

Men veksøkar skal melde ifrå om ein ikkje kjem til avtalt tid.

# Til utveksling mellom deltakarane i vegleiingsprogrammet

Eg har forstått vilkåra for at eg/vi skal kunne gjennomføre vegleiing

Stad/dato:

Vegleiar

Vegsøkar

Navn på vegleiar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Navn på vegsøkar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Tidspunkt for vegleiing	Merknader		
<b>Avtale 1:</b>	Oppstartsamling m/ gruppevegleiing i september. Innkalling kjem på mail		
<b>Avtale 2:</b>	Individuell vegleiing		
<b>Avtale 3:</b>	Individuell vegleiing		
<b>Avtale 4:</b>	Individuell vegleiing		
<b>Avtale 5:</b>	Individuell vegleiing		
<b>Avtale 6:</b>	Individuell vegleiing		
<b>Avtale 7:</b>	Evalueringsamling m/ gruppevegleiing i mai. Innkalling kjem på mail		

# Kvifor vegleing?

KS og Kunnskapsdepartementet har inngått ei avtale om å arbeide målretta for at **nyutdanna pedagogar i barnehage og skule skal få tilbod om vegleing**, gjeldande frå 2011-2012.

**Barnehageeigar** har hovudansvaret for å gje nyttdanna barnehagelærarar vegleing og oppfølging. I Vest-Telemark gjeld tilbodet over 2 år.

**Styrrar** har det daglege ansvaret for at nyttilsette nyttdanna barnehagelærarar i eigen barnehage får vegleing. Vegleinga skal gjennomførast i arbeidstida.

**Vegleinga skal utførast av ein erfaren og kvalifisert vegleiar.**

Det er viktig med kvalitet i vegleinga, og at ordninga sikrar systematisk vegleing basert på dei nyttdanna sine behov. Vegleinga skal støtte opp om den nyttdanna sin personlege, sosiale og profesjonelle utvikling som barnehaglærar.

**Vegleingsteamet i Vest-Telemark (VTV)** jobbar på oppdrag frå Barnehageforum. Barnehageforum er samansett av representantar frå dei ulike kommunane. Det vil variere kva for kommune som har vegleiarar og veksøkarar til ei kvar tid. Den einskilde kommune legg til rette og dekkjer utgiftene for sine veksøkarar og vegleiarar.

**Vegleing av nyttdanna kan bidra til å:**

- sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke
- stimulere til refleksjon og sjølvutvikling. Bevisstgjere den nyttdanna i forhold til eigen ståstad, eigne målsettingar og gje støtte til å finne handlingsalternativ som byggjer på den nyttdanna sine visjonar
- auke kvaliteten i barnehagen
- utvikle barnehagen som organisasjon
- utvikle vegleiar kompetanse i eigen organisasjon
- bidra til å rekruttere, utvikle og behalde dyktige barnehagelærarar



# Notater